

Årsmøte

i Nordmøre spelmannslag

7. april 2013, kl. 1630 på Halså nedlagte skule.

Til medlemmar var til stades da møtet vart sett.

Sak 1 Opning og konstituering.

Leiar Åsta Andreassen ønskte vel møtt.

Som møteleiar vart Åsta Andreassen valt, og som referent vart Arnstein Brevik valt. Til å skrive under møteboka vart Torgeir Bergfald og Jonny Reitan valt.

Sak 2 Årsmelding for 2012.

Møteleiar gjekk gjennom årsmeldinga som med nokre små tillegg, vart samrøystes godkjent.

Sak 3 Rekneskap for 2012.

I kasseraren sitt fråvær, han var ein snartur i Andalusia, gjekk møteleiaren gjennom rekneskapen. Rekneskapen var uvanleg fyldig dette året pga. kappleik og CD-produksjon. Det same gjeld laget sine kontoar. Pr. dato har ein vel 65 000 kr på bok.

Noko uklarheit om kor mange CD-ar som er kvar, kom fram. Dette lyt ein prøve å finne ut av i året som kjem.

Rekneskapen var revidert. Revisorane meinte alt var som det skulle og innstilte på godkjenning. Årsmøtet fastsette dermed rekneskapen som framlagt.

Sak 4 Innkomne saker.

Ingen saker var innmeldt.

Sak 5 Arbeidsprogram for 2013.

Laget har ei arbeidsplan fram til juni 2013. Musikalsk leiar Helge Husby har bedd om avløysing frå dette tidspunktet, og årsmøtet fann det naturleg at ny musikalsk leiar (som enno ikkje er heilt på plass) får ei hand på rattet for resten av året. Det vart dermed ikkje gjort noko vedtak om arbeidsplan for tida etter juni månad.

Sak 6 Kontingent for 2013.

Satsane blir ikkje endra.

Sak 7 Budsjet for 2013.

Nestleiar Rolf Holte gjekk gjennom framlegget til budsjett. Årsmøtet godkjente forslaget utan endringar.

Sak 8 Val

Helge Husby gjekk gjennom valnemnda sitt framlegg. Framlegget fikk samrøystes tilslutning, og det gav følgjande resultat:

Styre:

Leiar Magnar Almberg (1 år som leiar, 2 år i styret.)

Styremedlem Arnstein Brevik (2 år)

Rolf Holte, Åsta Andreassen og Grethe Bjerkan var ikkje på val, alle har eitt år att i styret. Styret konstituerer seg sjølv. Nestleiar, kasserar og sekretær skal velgjast.

Vara til styret:

1. Hilde Bergfald 2. Helga Eikrem

Revisorar:

Revisorane Torstein Hamnes og Arve Heggdal var ikkje på val denne gongen, dei har eitt år att.

Valnemnd:

Her ønskte ikkje sittande komité å koma med framlegg.

Årsmøtet valte Jonny Reitan, Torgeir Bergfald og Kolbjørn Halse til ny valnemnd.

Når det gjeld spørsmålet om ny musikalsk leiar, ga årsmøtet styret fullmakt til å arbeide vidare med dette. Ein tok likevel ein generell diskusjon om korleis dette kunne løysast på beste måte.

Møtet heva kl. 1800.

ref AB

Jonny Reitan /s/

Torgeir Bergfald /s/